

FAKULTET FOR SAMFUNNS- OG UTDANNINGVITSKAP

Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet – NTNU

Vedteken av styret for NTNU 01.02. 2018



Leserettleiing

Strategien til Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap (SU) består av tre delar.

Del 1 inneheld visjon, verdiar og samfunnsoppdrag.

Del 2 handlar om SU sine kjerneoppgåver. Desse er utdanning og læringsmiljø, forskning, innovasjon og nyskaping og formidling.

Del 3 handlar om innsatsområde med tema som går på tvers av kjerneoppgåvene våre. Desse inkluderer internasjonalisering, tverrfagleg samhandling og organisasjon og ressursar. Under kvart område i del 2 og 3 er det formulert utviklingsmål der SU særleg bør utvikle seg i strategiperioden. Til slutt kjem nokre ord om realiseringa av strategien.

Foto: Lena Knutli

Grafisk design og produksjon: NTNU Grafisk senter

01

Visjon, verdiar, samfunnsoppdrag 4

Vår visjon..... 6

Våre verdiar 8

Vårt samfunnsoppdrag10

02

Kjerneoppgåver12

Vår utdanning og vårt læringsmiljø.....14

Vår forskning.....16

Vår innovasjon og nyskappingsverksemd18

Vår formidling20

03

Utvalde innsatsområde.....22

Internasjonalisering24

Tverrfagleg samhandling.....25

Organisasjon og ressursar27

Frå visjon til verkelegheit28

01

VISJON
VERDIAR
SAMFUNNSOPPDRAG



VÅR VISJON: KUNNSKAP FOR EIT BETRE SAMFUNN

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap (SU) har eit særleg ansvar for å bidra til demokratisk utvikling og livslange lærings- og danningssprossar. Kunnskap om samfunnsforhold, menneske og korleis vi lærer, set oss i stand til å påverke samfunnsutviklinga. Demokratiet er avhengig av ein opplyst debatt der grunnleggande haldningar, verkelegheitsoppfatningar og verdssilde blir utfordra og bevart.

NTNU sin visjon er å bidra til realisering av FN sine berekraftsmål. Styrken vår ligg i ei brei tilnærming til omgrepet berekraft, og forståing av samanhengar mellom individ, samfunn, miljø og teknologi.

Kunnskap utvikla i fagmiljøa våre skal komme fellesskapet til gode, og bidra til eit betre samfunn nasjonalt og globalt.

I 2025 har vi nådd vårt mest ambisiøse mål, nemleg at alle institutta våre har fagmiljø som er på eit dokumentert høgt internasjonalt nivå innan minst eitt av kjerneområda sine.



VÅRE VERDIAR

NTNU sine verdier kreativ, kritisk, konstruktiv og respektfull er forankra i akademisk fridom, demokrati, samfunnsansvar, likeverd og openheit.

Faga våre skal vere uavhengige stemmer som kritisk utfordrar etablerte førestillingar om samfunnet, og som avdekkjer underliggande maktstrukturar. Samtidig skal vi fylle ei konstruktiv rolle ved å utvikle kunnskap som grunnlag for ei berekraftig samfunnsutvikling. Vi vil arbeide kreativt for å utvikle ny kunnskap på tvers av fag og profesjonar i samarbeid med relevante samfunnsaktørar.

NTNU sine verdier forpliktar. Vi vil opptre respektfullt, og fremme arbeids- og læringsmiljø som er inkluderande for alle, og som legg til rette for meiningsbryting og personleg vekst.

- KREATIV
- KRITISK
- KONSTRUKTIV
- RESPEKTFULL



VÅRT SAMFUNNSOPPDRAG

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap skal vere ein sentral bidragsytar til NTNU sitt samfunnsoppdrag. Forskinga og utdanninga skal vere ein premissleverandør for offentleg

debatt og samfunnsutvikling gjennom å identifisere og definere sentrale samfunnsspørsmål. Våre fagmiljø skal sette framtida sine utfordringar på dagsorden. Vi skal utdanne kandidatar med evne til uavhengig og kritisk tenking.

Samfunns- og utdanningsvitenskapane er vesentlege for identiteten og rolla til breiddeuniversitetet. Det faglege fundamentet ligg i solide og framifrå fagmiljø innanfor både profesjons- og disiplinlag. Eigenarten og eigenverdien til faga er basis for utviklinga deira. Grunnforskning skal vere ein vesentleg del av identiteten til faga.

Forskningsbasert og praksisnær utdanning og forskning utvikla i samarbeid med sentrale samfunnsaktørar gir oss moglegheit til å legge premissar for nyskaping i offentleg sektor. Fakultetet sin fagprofil gir oss særlege føresetnader for å utvikle synergjar på tvers av fag. Lærarutdanning, psykologi og sosialt arbeid skal vere nasjonale profesjonsfaglege tyngdepunkt.

Våre fag utviklar innsikt og gir perspektiv på samanhengane mellom individ, samfunn, naturvitenskap og teknologi. Vi er derfor ein sentral bidragsytar til NTNU si tverrfaglegheit.

Forståing av samfunnsmessige rammeføresetnader er grunnleggande for berekraftig nyskaping og realisering av NTNU sin visjon om kunnskap for ei betre verd.

02

KJERNEOPPGÅVER

UTDANNING OG LÆRINGSMILJØ

FORSKING

INNOVASJON OG NYSKAPINGSVERKSEMD

FORMIDLING



VÅR UTDANNING OG VÅRT LÆRINGSMILJØ



UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap skal:

Utdanne ettertrakta kandidatar som har høg fagleg kompetanse med evne til å møte komplekse

samfunnsutfordringar i eit livslangt perspektiv

Utvikle studentaktive og utfordrande studieprogram som er kjenneteikna av kunnskapsbasert utvikling av læringsmiljøet

Utvikle nyskapande samarbeid med praksisfeltet og arbeidslivet som fremmer gjensidig kvalitetsutvikling

Tilby forskingsbaserte, innovative og utforskande læringsprosessar, og vere ein sentral bidragsytar

i NTNU sitt arbeid med læring og utdanningskvalitet

Betre kvalitet og ressursutnytting gjennom samordning av studieprogramportefølje og samarbeid om emnetilbod

Fakultetet si breidde gir samla eit unikt tilbod av studieprogram. Utdanninga er forskingsbasert og praksisrelevant. Studia utviklar refleksjon, kritisk tenking og analytiske evner. Studietilbodet er kjenneteikna av fleksible og nye læringsformer, og bruk av læringsarenaer der pedagogiske og teknologiske moglegheiter blir brukte aktivt. Undervisarane våre har høg fagleg kompetanse og gode pedagogiske ferdigheiter. Etter- og vidareutdanning er ein sentral del av studietilbodet.

Fakultetet har attraktive og kvalitetssikra studieprogram med ein internasjonal dimensjon. Fleire av studieprogramma er landets mest ettertrakta, og enkelte hevder seg internasjonalt. Vi utdannar svært godt kvalifiserte kandidatar som er ettertrakta på arbeidsmarknaden. Studieprogramma stiller høge krav, og føreset motiverte og kompetente studentar. Dei er godt forankra i solide fagmiljø.

Studentane har eit godt læringsmiljø med studentaktive undervisningsformer, fleksibel og tilpassa infrastruktur som fremmer læring og bidrar til trivsel og tilhørrelse. Saman med god studiekvalitet gir dette høg grad av fullføring på normert tid.

VÅR FORSKING



UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap skal:

Utvikle nasjonalt og internasjonalt framifrå forskingsmiljø, leie internasjonale forskingsnettverk, og vere attraktive samarbeidspartnarar for leiande fagmiljø internasjonalt

Legge til rette for utvikling og fornying i alle fagmiljø gjennom tydelege faglege prioriteringar i bruken av forskingsressursane våre, og stimulering av forskingsgrupper

Utvikle fagmiljø som er leiande innan praksisnær forskning, som bidrar til innovative løysingar på samfunnsutfordringar

Utvide det faglege handlingsrommet gjennom ekstern finansiering

Utvikle forskarutdanning av høg internasjonal kvalitet, og gi ph.d.-kandidatane våre kvalifikasjonar som bidrar til kompetanseheving i arbeidslivet, også utanfor akademien

Akademisk fridom er ein føresetnad for forskinga si kvalitet, den kritiske samfunnsdebatten og tilliten til forskingsbasert kunnskap. Prinsippet om akademisk fridom ligg til grunn for all forskning utført ved SU.

Forskinga vår stiller spørsmål og tilverkar ny kunnskap som svarer på sentrale samfunnsutfordringar nasjonalt og internasjonalt. Fakultetet har sterke forskargrupper innan alle fagområda våre. Samhandling mellom anvendt forskning og grunnforskning gir synergjar som gir ei auka samla kunnskapsbase i samfunnet.

Fakultetet har framifrå forskingsmiljø som leier og deltar i internasjonale forskingsnettverk og prosjekt. Eksternfinansierte prosjekt sikrar handlingsrom for faglege utvikling.

Vi har eit spesielt ansvar for praksisnær forskning. Aktiv brukarmedverknad bidrar til å identifisere forskingsspørsmål og til å gi forskingsresultat som legg grunnlag for betre praksis i både offentleg og privat sektor.

Forskinga vår blir utført på ein ansvarleg måte, og i tråd med anerkjende forskningsetiske normer. Forskarane våre strever etter openheit i alle ledd av forskingsprosessen.

Kunstnarisk utviklingsarbeid er sidestilt med forskning. Kunst og kunstnarisk forskning har ein eigenverdi, og ein sentral verdi for læring, kunnskaps- og samfunnsutvikling.

VÅR INNOVASJON OG NYSKAPINGSVERKSEMD



UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap skal:

Bidra til nyskaping og innovasjon som gir grunnlag for berekraftig utvikling

Skape fornying i offentlig sektor gjennom forskninga og utdanninga vår

Styrke samarbeidet med næringsliv og offentlig sektor gjennom langsiktige samarbeidsavtaler på strategisk viktige område

Gi grunnlag for innovasjonsforståingar ved NTNU gjennom kompetansen vår innan samfunn, organisasjon og læring

Utdanne kandidatar med relevant endrings- og samhandlingskompetanse som kan møte komplekse utfordringar i ein framtidig arbeidsmarknad

Vi tilbyr utdanningar og bidrar med forskning som gir oss betre føresetnader for å møte framtida sine samfunnsutfordringar.

Vår kunnskap om individ, samfunn, organisasjon og læring legg premisser for nyskaping og innovasjon. Vårt breie samfunnsperspektiv vektlegg endringar i tenester, praksis og prosessar som føresetnad for fornying i offentlig og privat verksemd. Samvirke mellom våre faglege perspektiv, teknologi og naturvitskap fremmer berekraftig utvikling, og gjer oss til ein attraktiv samarbeidspartnar.

Vi utviklar og nyttar forskingsbaserte innovative undervisningsformer- og metodar. Våre utdanningar gir studentane kompetanse til å omsette forskning i ny praksis. Vi set studentane i stand til å møte morgondagen sine krav til omstilling og utvikling i eksisterande eller nytt arbeidsliv.

SU bidrar til å skape gode, effektive og kunnskapsbaserte løysningar som fører til fornying i offentlig og privat sektor gjennom både forskning og utdanning.

■ VÅR FORMIDLING



UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap skal:

Sørge for at forskning og forskingsresultat kjem samfunnet til gode gjennom målretta formidling i opne, digitale og allment tilgjengelege kanalar

Vere ein tydeleg premissleverandør for offentleg debatt og samfunnsutvikling gjennom å identifisere, definere og formidle kunnskap om, og løysingar på, samfunnsmessige utfordringar

Synleggjere kvaliteten og relevansen i fakultetets utdanningstilbod for potensielle søkarar og arbeidsgivarar

Styrke formidlingskompetansen blant tilsette og ph.d.-kandidatar

SU sørger for at innsikt og kunnskap utvikla av forskingsmiljøa våre bidrar til ein kunnskapsbasert samfunnsdebatt.

Formidling og kommunikasjon av forskingsresultat, ny kunnskap, nye idear og ny praksis er ein viktig del av fakultetet sitt samfunnsoppdrag. Formidlinga vår er open og brukarretta, og bidrar til at kunnskap frå forskning og undervisning blir nytta i samfunnet.

Forskarane våre er representerte på relevante arenaer og i aktuelle kanalar, og markerer fakultetet sitt fagmiljø som synlege samfunnsaktørar.

SU framstår som eit av landets mest attraktive arbeids- og studiestader innanfor fagområda våre.

Vårt breie utdanningstilbod er etterspurt og godt synleg for potensielle søkarar og arbeidsgivarar.

Vi jobbar strategisk med rekruttering av studentar, og tiltrekker oss gode søkarar gjennom målretta

kommunikasjon som synleggjer studietilboda sin kvalitet, eigenart og samfunnsrelevans.

03

UTVALDE INNSATSOMRÅDE

INTERNASJONALISERING

TVERRFAGLEG SAMHANDLING

ORGANISASJON OG RESSURSAR

FRÅ VISJON TIL VERKELEGHEIT



INTERNASJONALISERING

Deltaking i det globale kunnskapssamfunnet er ein føresetnad for kvalitet og relevans i forskinga og utdanninga vår. Akademisk kvalitet blir styrkt gjennom internasjonalt samarbeid. Fagmiljøa våre deltar i samarbeid med framifrå internasjonale kunnskapsmiljø. Fakultetet er vertsinstitusjon for internasjonale forskingssenter.

Fakultetet har ei gjennomgåande internasjonal orientering som ligg til grunn for fagleg og pedagogisk utvikling. Studieprogramma våre gir internasjonale perspektiv, og har ein markert global dimensjon. Alle utdanningane våre tilbyr utvekslingsopphald av høg kvalitet gjennom forpliktande avtaler med strategisk viktige samarbeidspartnarar. SU rekrutterer studentar og anerkjende akademikarar internasjonalt.

Vi har særleg merksemd om FN sine berekraftsmål, med innsatsområde som bidrar til at desse blir nådde.

UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitskap skal:

Etablere fleire strategiske partnerskap med utvalde institusjonar globalt

Auke utnyttinga av EU sine verkemiddel for forskning, innovasjon og utdanning

Styrke rekrutteringa av framifrå forskarar internasjonalt, og auke den internasjonale mobiliteten for tilsette og studentar

Bidra til realisering av FN sine berekraftsmål

TVERRFAGLEG SAMHANDLING

Framtida sine samansette utfordringar krev tverrfaglegheit. SU har ei rolle som pådrivar for tverrfagleg samarbeid, og legg til rette for samhandling i skjæringspunktet mellom samfunns- og utdanningsvitskap og andre fagområde ved NTNU.

SU vektlegg solid fagspesifikk kunnskap som grunnlag for tverrfagleg forskning og utdanning, og legg til rette for samarbeid internt på fakultetet og ved NTNU. Vi har fagmiljø som bidrar til NTNU og fakultetet sine felles satsingar.

Gjennom tverrfagleg samarbeid bidrar fagmiljøa våre med samfunns- og utdanningsvitskapelege perspektiv i NTNUs studietilbod. Tilsvarande inneheld utdanningane våre særtekk som speglar NTNU sin profil. Dette bidrar til å gjere utdanningane våre unike i nasjonal samanheng.

UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitskap skal:

Delta aktivt i tverrfaglege satsingar av høg kvalitet som støttar opp under NTNU sitt samfunnsoppdrag

Bidra til tverrfaglegheita i NTNU sine studieprogram med samfunns- og utdanningsvitskapelege perspektiv

Synleggjere ein tydeleg NTNU-profil i eigne studieprogram

Utvikle kompetanse som støttar opp under tverrfagleg samhandling i praksisfeltet



ORGANISASJON OG RESSURSAR

Fakultetet sin viktigaste ressurs er menneska som arbeider og studerer her. Vi er ein attraktiv og profesjonell arbeidsgivar som legg til rette for at alle tilsette kan utvikle seg gjennom heile karriereløpet. Vi har ansvarlege leiarar som fremmer ein kultur prega av samarbeid, kollegial

medverknad og open, dialogbasert kommunikasjon internt. Vi har eit godt samarbeid med studentdemokratiet og arbeidstakarorganisasjonane, og arbeider aktivt for at tilsette og studentar skal bli høyrde.

SU er ein effektiv og lærande organisasjon med eit helsefremmande og inkluderande arbeidsmiljø for tilsette og studentar. Fakultetet har administrative støttetjenester av høg fagleg kvalitet som støtter opp under fagmiljøa. Digitale verktøy bidrar til ein effektiv organisasjon som er omstillingsdyktig, og som prioriterer ressursar på ein god måte. Fakultetet har ressursar til å drive utvikling i tråd med strategiske mål.

UTVIKLINGSMÅL

Fakultet for samfunns- og utdanningsvitskap skal:

Ta vare på alle tilsette gjennom systematisk dialog om utviklingsmål og kompetanseheving

Aktivt bruke strategisk personalplan og profesjonelle rekrutteringsprosessar for å fremme faglege utviklingsmål og mangfald

Utvikle organisasjon, leiing og arbeidsmiljø for å underbygge faglege mål og sikre legitimitet i endringsprosessar

Ta i bruk teknologiske moglegheiter og aktivt forenkle og forbetre arbeidsprosessane våre for å sikre effektiv drift

Ha ressursstyring som bidrar til auka produktivitet, og sikrar handlingsrom for strategiske prioriteringar og fornying, både på institutt- og fakultetsnivå

FRÅ VISJON TIL VERKELEGHEIT 2018–2025

SU vil følge opp NTNU sin visjon, strategi og hovudprioriteringar gjennom strategien Kunnskap for eit betre samfunn. Fakultetet sin strategi blir konkretisert i ein fleirårig handlingsplan som blir revidert årleg i samband med utarbeiding av fakultetet sitt budsjett. Handlingsplanen angir prioriteringar, verkemiddel og tiltak som skal settast i verk for å nå utviklingsmåla i strategien. Planen inneheld indikatorar for å vurdere resultat. Ressursar blir fordelte gjennom prinsipp fastlagde i fakultetet sin vidarefordelingsmodell (VFM). Strategisk personalplanlegging skal styre tilsettingar og vere eit viktig verktøy for kompetanseutvikling, rekruttering og ressursfordeling.

Institutta sine strategiar blir utvikla innanfor ramma av NTNU og fakultetet sine strategiar. Fakultetet sin strategi underbygger institutta sine strategiar ved å legge til rette for, og støtte opp om, fagleg utvikling. Fakultetet si leiing prioriterer innsatsområde, forvaltar administrative støttefunksjonar og kompetanse, samordnar felles utviklingstiltak, stiller kvalitetskrav, og tildeler strategiske midlar og rekrutteringsstillingar gjennom transparente prosessar.